

Lørdag 4. mars 1961.

Bladet Rogaland Provinss

Rogi

2

# Ein bygde-dyrlækjar og folke-dokter i Imsland

Levar Eivindson Bjortveit lækte både folk og fe

Levar Eivindson Bjortveit Imsland var son til saugmester Eivind Markusson Berget og kona Malena Levarsdr. fødd i Sand. Dei busette seg på Bjortveit og her vart Levar fødd 1841. Han døydde i 1931, 90 år gammal.

Som ung lært Levar seg skomakaryket og for rundt i bygdene i nordre Ryfylke med skoarbeid i fleire år.

På denne fartinga frå bygd til bygd hadde han fått tak i ei gammal lækjarbok. Ho heite: «Henrik Smiths 4. Urtegaard, samlet av lærde Mends bøger». Prentet i København 1648».

Det var ei tjukk bok og ingen veit no kvar han fekk tak i henne. Ein bok med mykje «visdom og gode råd» for sjukdomar både på folk og fe. Like eins rettleiing om korleis ein skulle samla og laga medisiner. Denne boka har nok Levar studera nögje i sitt lange liv. Kanskje hadde han ikkje så mykje lesestoff elles. Han samla røter og planter frå skog og mark, koka og laga seg medisiner etter oppskrift frå boka.

Og Levar fekk tiltru hjå folket. Dei sekte han og fekk råd og medisiner i mang slag sjukdomstilfelle. Når det galdt folk, så var det no helst svuldefingrar og liiknande han stelte med. Og hjelpa var ikkje for eiga vinning. Han nyttar aldri ut nokon økonomisk, trass i at han sat i heller små kår. Han såg verksemda si næraast som eit kall for å hjelpe folk som trong hjelpe. Her kunne vera mange dome på det. Ein gong vart han henta til ein storre huskap i Vikedal. Det var over ei mil å gå, men det høvde så den dagen at han kunne ta båten heimatt. Mannen han var hjå, spurde kva han skulle ha for jobben. Levar sa at han måtte no ha dampfrakta. Den var 50 øre. Mannen gav han 75 øre, men då skulle Levar ha sagt etterpå at han ikkje



hadde til skosolane eingong.

Ein annan gong skulle ein man ha medisiner til ein sjuk stut. Levar råka mannen seinare og spurde korleis det hadde gått. Jau, sa mannen, studenten vart god. Og eg drakk opp resten av medisinene. Då svara Levar roleg at slike har hendt før også. Levar var ein gild og hjelpsam mann med ei innadvend natur, som også grubla over andre av livsens problem. Han hørde heime i det gamle bygdesamfunnet med den innstilling folk hadde

til gamle lækjarråder og «kloke menn».

Elles livberga Levar seg med å laga limar og matter og litt skoging hjå folk. Han var ungkar og budde i Kalhagen ved Imslandssjøen. B. S.

Emne nr. 76 Nohr 1  
der "Kloke" Børne Griping  
Rammute  
Finnland Boysland.

Ja, børn det gør fram av nethøgde avisutklipp, da muka lever finnisk og jorvansk, bare ein av dei "Kloke" i Finnland og granskippe dem med. Dei har fritta å få nøytrale opplysninga om nettkundas hans, men dette har vore vanskelig, då om lag alle børn rykta seg av han, når for at mestre er døde.

Lekjorboka hans var med dødsbukarhjemet Rjøys av lever Finnrik for i kona. Den døvde brann husa til lever Finnrik ned i 1956 og dei bortanh boka sine.

Det viser, at det skal ha blodd i avisene, at sit. likmannale eksemplar av bokan Spanish Princess & utleggjord på sin <sup>andreplass</sup> ført næst bed i Oslo eller drifring for Ring Nr. 15 000,-

B. P.